

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Egge

Emne: Drikk til maten til
hverdags.

Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Aune

Gard:

(adresse): Sverre pr. Steinkjer.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjølke.

1. Før meieria kom vart mjølke brukt mykje meir i heimane enn no. Etter ein lysja sende mjølka til meieriet gjekk det sterkt ned med mjølkebruket også som drikk attåt maten. Men i seinare år har det auka att. Likevel blir det ikkje brukt så mykje mjølke no som i tida før meieria kom.

2. ja.

3. Som leskedrikk var det før mykje brukt blaug, blanding av mjølke og vatn. Eller vart det og brukt blendstjør, eller "skjör", som vi seier. No blir slik leskedrikk sjeldan og aldri brukt.

Øl.

4. Heimebrygga maltøl vart brukt som kvardagsdrikk fram til 1890. Når dei hadde tappa vøsteret av "råstin" slo dei over einerslaug og det dei da tappa av kalla dei "tappdrek". Denne tappdrikk vart brukt inntil det eigentlege maltølet vart ferdig.

Etter det vart slutt med å brygge maltøl, lysja dei laga sirupsøl. Dette sirupsølet vart i mi barndomstid, ca 40 år sia, brygga til sløttanna

2

og til júl. No er det berre på ein gard her i
bygda dei brýgger maltøl. Men dette ølet blir brukt
meist berre til høgtidene.

Kaffi.

5. Gamle folk minnes ikkje når kaffien kom
på bruk. Men det skulle vera omkring 1840-åra.

Da kunne ein få ein kopp kaffi i dei store
høgtidene. ÷ einare ein kopp kvar søndag.

6. I 1880-åra vart det på somme gardar brukt
kaffi 2 gonger for dagen. Om morgonen og
som ettermiddagskaffi. Men det var da og
berre ein kopp til kvar.

Det er fortald at på ein gard (i 1870-åra)
tjira kvinnfolka seg til å kake kaffi gong og
annan når mannfolka var ute. Ein gong
kom sjølmannen inn da dei heldt på med
denne ulaulege kaffikokinga. Men han gjekk
straks ut att og ansa ikkje hva kvinnfolka
dreiv med. Gladde han det, ville det rikkert
vorti synd på dei.

7. No blir kaffi brukt 3-4 gonger dagen. ja
somme 5 gonger og.

8. Kaffien blir laga slik: Ein slår kaldt
vatn på kjelen og har på malen kaffi
straks. Nokre brukar salt i kaffien, men det
er ikkje vanleg til kvardags i allefall. Før
brukt dei klåreskinn, men ikkje no.

Det finns einstykke som fer med å skal
spå i kaffe grut. Før var det elles meir av
dette enn no. Nokon regel for denne
spåinga kjenner ein ikkje til.

9. No brukar ein raffinade attåt kaffien. Før
brukt dei klypt rikkertapp.

10. Somme brukar fløyte i kaffien, men det er
meist nok like mange som drikk svart kaffi.

Dette å drikke svart kaffi løyra kom på bruk her omkring 1920.

Te.

11. På somme gardar brukar dei te til kvardags. Før i tida laga dei somtid te av turka og brusa tyteberljng. Under siste krigen vart det brukt att. Elles vart det da som te brukt epleblad og bringebærblad.

Brenneris.

12. I gamal tid var det slik det skulle vera in dram til manns om morgonen før dei løyra arbeidet. Denne skikken kom med kvart ut av bruk etter at det ikkje lenger vart lovleg å brusa brenneris heime på gardane.

Njare drikk.

13. Tjåpeøl, selters og brus blir ikkje nytta som kvardags drikk.

